

## Vedtekter for Norsk Landbruksrådgiving Vest SA

### § 1. Verksemd

Norsk landbruksrådgiving Vest SA, heretter kalla NLR Vest, er eit samvirkeføretak med vekslende medlemstal. Føretaket har forretningskontor i Gloppen kommune.

### § 2. Føremål

NLR Vest har som føremål å fremje medlemmane sine økonomiske interesser gjennom medlemskapen i føretaket.

NLR Vest skal drive kunnskapsutvikling, gje rådgjeving og informasjon til medlemmane innanfor landbruksrelaterte fagfelt. NLR Vest skal også tilby ulike tenester til landbruket og til næringslivet elles, med hovudvekt på behova til medlemmane.

### § 3. Medlemskap

Alle einskildpersonar eller næringsdrivande føretak med tilknytning til landbruket kan teikne medlemskap i NLR Vest.

Andre kan og teikne medlemskap i NLR Vest som støttemedlemar. Desse kan møte på årsmøtet, men har ikkje røysterett, og kan ikkje veljast til tillitsverv. Støttemedlemar kan vere privatpersonar, organisasjonar, institusjonar, kommunar eller andre.

Medlemar blir tekne opp ved innmelding til NLR Vest. Ved innmelding blir det gitt skriftleg erklæring om at medlemen er kjend med rettar og plikter som følgjer medlemskapen.

Medlemskapen følgjer kalenderåret.

Alle medlemar pliktar å betale ein årleg medlemskontingent som vert fastsett av årsmøtet for kvart år. Det skal ikkje betalast inn andelsinnskot.

### § 4. Medlemmane sine rettar og plikter

Medlemmane må til ei kvar tid rette seg etter vedtektene, styret og årsmøtet sine vedtak, lover og reglar som gjeld for dei tenestene som vert utført av NLR Vest.

Medlemmane har rett til å få råd og rettleiing av ulike slag.

Styret fastset kva tenester som inngår i grunnkontingenten, kva som inngår i evt. tilleggskontingentar, og kva som er betalingstenester.

Medlemmane plikter å betale kontingenten innan fastsett tid.

### § 5. Utmelding og utestenging

Utmelding skal skje skriftleg. Medlemskapen opphøyrer straks, men alt mellomverande må gjerast opp, t.d. bestillingar og inngådde avtalar. Meldinga må ha kome styret i hende seinast innan utgangen av januar for at medlemen skal sleppe å betale kontingent for utmeldingsåret.

Ved utmelding har medlemen ikkje krav på nokon del av formuen til føretaket.

Medlemar som ikkje lenger fyller vilkåra for medlemskap, kan etter skriftleg varsel utestengast som medlemar etter vedtak i styret. Vedkomande medlem har høve til å anke avgjerda inn for årsmøtet. Ankefristen er 1 månad rekna frå det tidspunkt medlemen er gjort kjend med styret sitt vedtak.

## § 6. Økonomi

Drifta av føretaket vert finansiert med medlemskontingent, tilskotsordningar, prosjektinntekter og inntekt frå sal av tenester til medlemar og andre.

Medlemskontingenten blir vedteken av årsmøtet, og er samansett av ein grunnkontingent og ein areal- og tenesteavhengig kontingent.

Eit eventuelt overskot skal tilførast eigenkapitalen i føretaket, og kan ikkje delast ut til medlemane.

## § 7. Styret

Føretaket blir leia av eit styre på seks medlemar. Fem styremedlemar vert valde mellom medlemene og av årsmøtet. Dei tilsette har rett til å vere representert i styret i samsvar med gjeldande lovverk. Styremedlem frå tilsette, med varamedlem, skal vere vald av og mellom dei tilsette, og trer inn i styret etter ordinært årsmøte.

Føretaket blir leia av eit styre på inntil 5 medlemar. Fire styremedlemar vert valde av og mellom medlemane. Dei tilsette har rett til å vere representert i styret i samsvar med gjeldande lovverk. Styremedlem frå tilsette, med varamedlem, skal vere vald av og mellom dei tilsette, og trer inn i styret etter ordinært årsmøte. Frå stiftingsmøte av NLR Vest 11/2-16 til fyrste ordinære årsmøte, fungerer interimstyret som styre.

Styret held styremøte så ofte styreleiar finn det naudsynt, eller når minst to styremedlemar krev det.

Styret er vedtaksført når minst halve styret er til stades. Ved stemmelikskap, har fungerande leiar dobbeltrøyst.

NLR Vest er forplikta ved underskrift av styreleiar og dagleg leiar i fellesskap, eller styreleiar og ein styremedlem i fellesskap.

## § 8. Styret sine oppgåver og plikter

Styret er ansvarleg for forvaltning av føretaket. Styret skal leie NLR Vest i samsvar med offentlege lover og forskrifter, eigne vedtekter og årsmøtevedtak, samt forvalte føretaket sine midlar.

Styret kallar inn til årsmøte og krinsmøte.

Styret skal kvart år leggje fram årsmelding og revidert rekneskap for siste driftsår, budsjett og styret sin arbeidsplan for inneverande år.

Styret med varamedlemar representerer NLR Vest SA på årsmøtet i NLR sentralt. Om NLR Vest SA kan stille med fleire utsendingar enn det er styremedlemar og vara som har høve til å reise, utnemner styret det resterande tal utsendingar.

## § 9. Dagleg leiing

Føretaket skal ha ein dagleg leiar. Styret skal tilsetje, og evt. avsetje, dagleg leiar, og er næraste overordna for denne. Styret avtalar lønsvilkår og utarbeider instruks for stillinga.

Dagleg leiar er ansvarleg for leiing av føretaket, og for at årsmøtet og styret sine vedtak vert iverksette.

## § 10. Årsmøte

Ordinært årsmøte skal heldast innan utgangen av mars. Innkalling til årsmøte skal skje med minst 14 dagars varsel. Ekstraordinært årsmøte skal heldast dersom styret meiner det er naudsynt, eller dersom minst 1/10 av medlemane krev det.

Årsmøtet skal:

1. Godkjenne innkalling og sakliste
2. Velje møteleiar, skrivar og to til å skrive under protokollen
3. Handsame årsmelding og revidert rekneskap
4. Fastsetje medlemskontingent
5. Handsame styret sitt framlegg til budsjett og arbeidsplan for inneverande år
6. Handsame innkomne saker
7. Gjennomføre val av
  - a. Leiar for eitt år
  - b. Styremedlemar for to år
  - c. Tre varamedlemar i nummerrekkefølge for eitt år
  - d. Medlem i valnemnda for tre år.
  - e. Personleg varamedlem for valnemnda for eitt år
  - f. Revisor
8. Fastsetje godtgjersle til tillitsvalde etter tilråding frå valnemnda

Val av leiar og styremedlemar skal vere skriftleg.

Innkomne saker som skal handsamast på årsmøtet, må vere styret i hende innan 15.januar.

Årsmøtet vedtek instruks for valnemnda.

## § 11. Valnemnd

Valnemnda er samansett av 3 medlemar. Medleimen med lengst funksjonstid fungerer som leiar av valnemnda.

Valnemnda skal leggje fram forslag på kandidatlar til dei tillitsverv der det skal føretakast val.

Leiar kallar inn til møta i valnemnda.

## § 12. Krinsmøte

Krinsmøta er medlemsmøte som skal heldast før årsmøte og ekstraordinære årsmøte.

Årsmøtet fastset tal krinsmøte i regionen, men møta skal heldast i naturleg avgrensa, geografiske område.

Alle årsmøtesaker skal presenterast på krinsmøta. Kvar krins vel på møtet utsendingar som skal representere krinsen i årsmøtet i to år og varautsendingar for eitt år. Kvar krins har rett til å stilla med ein utsending for kvar påbegynt 190 medlemar. Medlemstal i krinsen vert rekna ut frå betalt kontingent per 31.12. året før.

Kvar krins har ei valnemnd samansett av to eller tre medlemar og ein varamedlem.

Valnemndsmedlemane vert valt på krinsmøta og har ei funksjonstid på to år med to medlemar i

nemnda og tre år med tre medlemmer i nemnda. Medlemmen med lengst funksjonstid fungerer som leiar av valnemnda. Varamedlemmen har funksjonstid eitt år.

Valnemnda skal leggje fram forslag til krinsmøtet på kandidatar til utsendingar til årsmøtet og ein medlem og ein varamedlem til valnemnda i krinsen.

Ved avrøystingar har kvart medlemsbruk ei stemme, som kan nyttast ved personleg frammøte.

Sakene vert avgjort med vanleg fleirtal.

Det skal først protokoll frå krinsmøta.

### **§ 13. Tvistar**

Tvist mellom NLR Vest og medlemmar skal først søkast løyst på minneleg vis. Tvist som ikkje let seg løyse på minneleg vis, vert avgjort ved ordinær domstolshandsaming, om ikkje partane i staden er samde om å løyse tvisten ved voldgift i samsvar med gjeldande lov.

### **§ 14. Vedtektsendring**

Framlegg om endringar av vedtektene må vere sendt styret innan 15.januar. Framlegg om vedtektsendring må gjerast kjent i innkallinga. Gyldig vedtak om endring på årsmøtet krev tilslutning av minst 2/3 av avgjevne stemmer.

### **§ 15. Samanslutning**

Handsaming av sak om samanslutning med eit anna føretak vert handsama iflg Samvirkelova kap 8.

### **§ 16. Oppløysing**

Framlegg om oppløysing kan fremjast av styret. Vedtak om oppløysing krev 3 / 4 fleirtal av dei avgjevne stemmene i to påfølgjande årsmøte. Det siste årsmøtet som vedtek oppløysing, skal også velje eit avviklingsstyre.

Etter at alle økonomiske forplikingar er dekkja, skal eventuell resterande formue bli ståande i inntil fem år. I det tilfelle at ein ny organisasjon av same art, og liknande føremål, blir oppretta, skal midlane overdragast til denne. Dersom ny organisasjon ikkje er oppretta innan fem år, skal attverande midlar går til allmennyttige føremål innanfor norsk landbruk.

Disponering av utstyr som det er gjeve mekaniseringstilskot til, skal diskuterast med Norsk Landbruksrådgiving sentralt.

Vedtak om oppløysing skal meldast til Norsk Landbruksrådgiving sentralt.

### **§ 17. Samvirkelova**

Elles gjeld samvirkelovgjevinga til ei kvar tid.

Vedteke på årsmøtet 21/3-2019.